



Odd Martin Kartveit Sundsbø
Radøyvegen 1277
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/5484 - 21/73026

Saksbehandlar:
Hanne Marie Evensen
hanne.marie.evensen@alver.kommune.
no

Dato:
01.12.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 500/3 Gjerde

Tiltak: midlertidig avkøyrslø
Byggjestad: Gbnr: 500/3
Tiltakshavar: Odd Martin Kartveit Sundsbø
Ansvarleg søkjar: Vassbakk & Støl AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 18.06.2021. Vi beklagar sein tilbakemelding.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det må sendast inn plan- og profildekning, samt lengde-, og tverrprofil på veg.
2. Det må sendast inn detaljerte teikningar som viser at krava i Statens vegvesen mtp. utforming og krav til sikt er ivareteke. Krava gjeld både for midlertidige veger og permanente.
3. Dersom vegen ikkje skal bli permanent landbruksveg, må det søkjast om dispensasjon for dette, jf. føresegn § 4.1 og § 4.2.
4. Det følgjer av føresegn § 5.3 at det ikkje er høve til å opparbeide andre avkøyrslø til riksveg 565 enn dei som er vist på plankartet. Det må difor og søkjast om dispensasjon frå denne føresegna.
5. Byggesøknaden og dispensasjonsøknadar må nabovarslast.

Kommunen ber om at tilleggsmateriale vert sendt inn samla innan **30.12.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før

innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Hanne Marie Evensen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Odd Martin Kartveit Sundsbø
Vassbakk & Stol AS

Radøyvegen 1277
Postboks 63

5936 MANGER
4291 KOPERVIK